



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

VURDERINGSINNLEVERING

Emnekode: FN-BACH15

Emnenamn: Bacheloroppgåve i natur og friluft

Vurderingsform: Bacheloroppgave: skriftleg rapport,
individ. eller i smågrupper

Kandidatnr: 810 Liv Anne Bortne

Leveringsfrist: 20.05.2014 kl. 14:00

Ordinær eksamen eller kontinuasjon: Ordinær

Fagansvarleg: Jørgen Endseth Nerland

Bacheloroppgåve i faget Fysisk Fostring

Førskulelærerutdanning: Natur - og friluftslinje

Våren 2014

*Korleis opplever tilsette i ordinærbarnehagar
problematikk knytt til støy og konflikstar mellom barn,
samanlikna med tilsette i friluftsbarnhagar?*

Av: Liv Anne Bortne

Rettleiar: Jørgen E. Nerland

Innhald

Samandrag.....	5
1.0 Innleiing	6
1.1 Problemstilling.....	6
1.2 Fagleg ståstad.....	7
2.0 Teori.....	8
2.1 Retningslinjer	8
2.1.1 Personalets utdanning	9
2.2 Friluftsliv i barnehagen	10
2.2.1 Friluftsliv - reduserar støy og konflikt?	10
2.3 Natur- og friluftsbarnhagen.....	11
2.3.1 Menn i barnehagen	12
3.0 Metode	12
3.1 Kvantitativ metode.....	13
3.2 Spørjeskjema som metode.....	13
3.4 Vurdering av datamateriale	14
3.4.1 Utval.....	14
3.4.2 Feilkjelder	15
3.4.3 Reliabilitet	15
3.4.4 Validitet.....	16
4.0 Resultat	16
4.1 Resultat knytt til støy og konflikthar.....	16
4.1.1 Støy.....	17
4.1.2 Konflikthar	17
4.2 Resultat knytt til antal timar ute per veke.....	18
4.2.1 Ulike barnehagetypar	18
4.2.2 Menn og kvinner.....	19
4.2.3 Utdanning	19
5.0 Drøfting av resultat	20
5.1 Drøfting knytt til støy og konflikthar	20
5.1.1 Støy.....	20
5.1.2 Konflikthar	21
5.1.3 Oppsummering: Støy og konflikthar	22

5.2 Drøfting knytt til antal timar ute per veke	22
5.2.1 Ulike barnehagetypar	23
5.2.2 Menn og kvinner.....	23
5.2.3 Utdanning	24
5.2.3 Oppsummering: Antal timar ute per veke.....	24
7.0 Konklusjon	25
Bibliografi	26
Vedlegg	27
Vedlegg 1 - Spørjeskjema	27

Samandrag

I mi bacheloroppgåve valte eg å ha fokus på dei vaksne si oppleving av kvardagen i barnehagen. Målet var å finna ut om det kunne sporast ein skilnad hos tilsette i ordinære barnehagar og tilsette i natur- og friluftsbarnhagar. Problemstillinga mi vart difor som følger:

Korleis opplever tilsette i ordinærbarnehagar problematikk knytt til støy og konflikhtar mellom barn, samanlikna med tilsette i friluftsbarnhagar?

For å kunne få svar på dette, valte eg å nytte meg av kvantitativ metode slik at det ville vera overkommeleg med tanke på blant anna tid å hente inn svar frå mange ulike barnehagar. Vidare valte eg spørjeundersøking, med enkle og konkrete spørsmål som ikkje skulle bidra til forvirring eller mistolking. Målet var spørjeundersøking var også at respondentane skulle få svara når det passa dei, og få bruke den tida dei trong.

Under utforminga av spørjeskjemaet, såg eg at det også ville vera interessant å få vite noko om kor mykje tid som vert brukt ute per veke i gjennomsnitt. Dette, saman med spørsmål kring kjønn, utdanning og barnehagetype førte til at eg også tok med to underproblemstillingar i oppgåva: *Har antal timar ute per veke innverknad på opplevinga? Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnehage?*

Teorigrunnlaget i oppgåva er hovudsakleg knytt til faget fysisk fostring, men også pedagogikk er med i blant anna kapittelet som omhandlar metode.

Resultata frå undersøkinga mi viser at det ikkje var den store skilnaden i korleis tilsette i dei ulike barnehagetypane opplevde kvardagen med tanke på støy og konflikhtar. Det vil vera nærliggande å tru at ulikskapen hadde kome betre fram eller vore annleis dersom utvalet respondentar hadde vore jamnare fordelt på dei ulike typar barnehagar.

Resultat knytt til underproblemstillinga; *Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnehage?* viser at det er stor skilnad i kor mange timar dei ulike typar barnehagar tilbring ute. Ordinære barnehagar har eit gjennomsnitt på 20,77 timar medan natur- og friluftsbarnhagar har eit gjennomsnitt på heile 27,86. Dette er det einaste resultatet i undersøkinga mi som er statistisk signifikant.

1.0 Innleiing

Gjennom heile studietida mi har det vore mykje snakk om alle godane som er knytt til friluftsliv i barnehagen. Gjennom faget fysisk fostring har me lært mykje om kva ulendt terreng og fysiske utfordringar har å seie for bornas motoriske utvikling. Naturfag har lært oss at kjennskap til og kunnskap om naturen gjev borna ei kjensle av eigarskap og gjerne eit ønskje om å ta vidare vare på den.

Samtidig har det i mest alle fag har det vore stort fokus på at alt me lærer på skulen, særskild av praktiske opplegg, kan gjennomførast ute i naturen. Med noko ekstra planlegging og tilrettelegging er det ikkje mange aktivitetar som ikkje lar seg gjera ute.

Gode døme på fag som har hatt nettopp dette fokuset er drama, der me brukte mykje tid på å lære korleis å legge til rette for ulike typar lek i naturen. Det vart lagt stor vekt på at det ikkje alltid er så mykje som skal til for å få det til, ein treng ikkje alltid dei heilt store mengdene med rekvisittar.

1.1 Problemstilling

Eg har i denne oppgåva valt å ha fokus på dei vaksne si oppleving av kvardagen i barnehagen. Det som eg ønskjer svar på er om det kan sporast noko ulikskapar i korleis tilsette i friluftsbarnehagar og ordinærbarnehagar opplever barnehagekvardagen knytt til støy og konflikhtar blant borna. Problemstillinga vel eg å formulere slik:

Korleis opplever tilsette i ordinærbarnehagar problematikk knytt til støy og konflikhtar mellom barn, samanlikna med tilsette i friluftsbarnehagar?

I tillegg til å undersøke kva for ei oppleving dei tilsette har av dette, vil eg samtidig spørje kor mykje tid dei ulike barnehagane er utandørs. Målet med dette er å kanskje finne ut noko om kor mykje utetid som skal til for å oppnå eventuelle godar ved friluftsliv i barnehagen. Det vil også verta naudsynt å krysse av for mann, kvinne, utdanning og liknande, for å sjå om dette spelar ei eventuell rolle for resultatata.

Som ei følgje av dette vel eg å formulere eit par underproblemstillingar som er knytt til dette med antal timar ute: *Har antal timar ute per veke innverknad på opplevinga? Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnehage?*

Dessee vil eg også forsøke å belyse og følgje opp gjennom teori, resultat og drøfting.

1.2 Fagleg ståstad

Som student ved natur- og friluftslinja har eg fått eit endå større ønskje om og endå meir interesse for friluftsliv saman med barn. Eg har gjennom fleire praksisperiodar sett kor godt borna trivest i naturen, og kor mykje naturen kan bidra med og har å by på for desse små menneska me skal ha ansvaret for. Eg har også lært mykje om kva me som vaksne kan ta borna med på i naturen, gjerne ting som eg tidlegare aldri ville funne på sjølv. Det er mest som det i friluftsliv ikkje er grenser for kva både store og små kan klare.

Mi eiga oppfatning av støy og konflikhtar i barnehagekvardagen er at det i alle høve kjennest som at det vert mindre støy når borna leikar ute. Dette har sjølvst sagt også med at lyden "forsvinn" til himmels, men det kjennest også rett og naturleg at det er lydar når ein er ute. Eg har også merka meg at det gjerne oppstår fleire konflikhtar i situasjonar der barn er tett oppå kvarandre over lengre tid, slik som til dømes innandørs i barnehagen. Det skulle ikkje vera naudsynt å nemna at det er mindre areal for borna å ta i bruk der enn det er ute i naturen.

Ønsket mitt var å finne ut kva tilsette i ulike barnehagar hadde for meiningar kring dette, men for å kunne gjennomføre var eg naud for å avgrense tema og problemområde mitt. Eg valte difor å ha fokus på deira oppleving av kvardagen, samtidig som eg ville finne ut kor mykje tid dei tilbring ute. Eg valte å bruka kvantitativ metode i hovudsak på grunn av to ting; eg ville ha resultat som enkelt kunne visast fram ved hjelp av til dømes grafar, og gjennom spørjeskjema såg eg for meg at det var deira (respondentane) oppleving som kom fram, utan påverknad utanfrå.

2.0 Teori

Gjennom denne oppgåva skal eg forsøka å avdekka eventuelle ulikskapar hos tilsette i friluftsbarnehagar og ordinære barnehagar. Desse ulikskapane skal som nemnd gå på deira oppleving av kvardagen knytt til støy og konflikhtar blant borna. Det vil også verta eit fokus på kor mykje tid som gjennomsnittleg vert tilbrakt ute på ei veke, fordelt både på dei ulike barnehagane, kjønna og kva for utdanning dei har. Eg vil difor i teoridelen av oppgåva gå inn på endel av det som er skriven i forbindelse med friluftsliv og utandørs aktivitet i barnehagen. Eg vil sjå på kva for retningslinjer barnehagane har knytt til dette, samt kva forskning seier om godar knytt til bruk av friluftsliv i barnehagane. Eg tenkjer også at det kan vera av interesse å forsøke å finne noko om kva som kjenneteiknar ein friluftsbarnehage. Målet er å kunna knyta resultat ifrå forskinga mi til noko frå desse emna i teoridelen.

2.1 Retningslinjer

Sjølv om det er mange ulike barnehagar rundt om i Noreg, som gjerne også vert drivne på heilt ulike måtar, har dei alle felles at dei lyt følgje dei retningslinjer som Stortinget og Kunnskapsdepartementet har fastsett i Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Denne byggjer på Regjeringas lov om barnehagar, som er den viktigaste lova for barnehagar, og seier noko om samfunnsmandatet til barnehagen.

Rammeplanen skal gje barnehagen, deriblant styrar, pedagogisk leiar og personalet elles ei ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda. Den skal også gje ulik informasjon til foreldre, føresette, eigarar og tilsynsstyremakta (Kunnskapsdepartementet, 2011).

Rammeplanen legg føringar for barnehagane også når det gjeldt det fysiske miljøet. Det som dreier som om bornas høve til fysisk utfalding og opplevingar, men også kva for miljø som vert teken i bruk. Rammeplanen legg vekt på at også naturen skal nyttast til fysiske aktivitetar, altså seier den noko om å ta med borna ut!

Det skal vera areal nok til både leik og varierte aktivitetar som bidreg til auka rørsle- og sanseerfaring, og sjølve utforminga av miljøet er med på å gje viktige vilkår for trivsel, opplevingar og læring. Det skal bidra til at alle borna får høve til å delta aktivt i leik og ulike aktivitetar. Naturområde og nærmiljø kan nyttast til opplevingar og utfordringar (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 22). Vidare i Rammeplanen, under ulike fagområde er bruk av naturen nemnd. I fagområdet Kropp, rørsle og helse i kapittel 3.2 vert det dratt fram at for utvikling av motorikk og kroppskontroll er det viktig med variert fysisk aktivitet både ute

og inne. Også her nemnast bruk av natur og nærmiljø som skapande for ulike moglegheiter. Dette fagområdet peikar på kor viktig det er at borna får gode opplevingar og erfaringar med friluftsliv til alle årstider, samt lærer å både bruke og ta vare på naturen på best mogleg måte. For å bidra til dette lyt personalet legge til rette for bruk og utnytting av det fysiske miljøet, samt sjå korleis nærmiljøet kan nyttast i tillegg til barnehagens areal gjennom dei ulike årstidene (Kunnskapsdepartementet, 2011, ss. 41,42). Også fagområdet i kapittel 3.4; Natur, miljø og teknikk tar opp temaet bruk av natur i barnehagen. Her er det større vekt på at borna skal få kjennskap til det levande i naturen og ta vare på det. For å oppnå dette kjem ein ikkje ifrå at ein lyt tilbringe tid i naturen, og i barnehagens kvardag inkludere friluftaktivitetar og uteleik (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 45).

Som ei forlenging til Rammeplanen er det også gitt ut temahefte til som utdjuvar ulike områder frå Rammeplanen. Eit av desse er handlar om nettopp natur og miljø. Det vert her gått grundigare inn på kvifor det er så viktig at borna får tilbringe tid ute, spesielt i naturen, og kva naturen har å by på for borna i barnehagealder. Leiken som føregår ute er ofte ein annan enn når borna er inne, den er meir grovmotorisk og større delar av kroppen vert brukt. Leiken er gjerne prega av stor aktivitet, og mange observerar meir rolleleik og improvisasjonsleik ute (Kunnskapsdepartementet, 2006).

Klima- og miljødepartementet har også, om ikkje retningslinjer ein lyt følgja, så ønskjer til korleis å fremja natur og friluft i barnehagen. Desse kjem fram i Stortingsmelding nr 39 og omhandlar alt frå kompetansebygging, sikre høve til bruk av og tilgong til naturen, til ei endring i barnehagelova kring utforming av lokale (Klima- og miljødepartementet, 2001).

2.1.1 Personalets utdanning

I følgje Stortingsmelding nr 41 spelar barnehagens personale ei svært viktig rolle i barnehagebarns liv. Deira kompetanse, både fagleg og personleg, er ein viktig ressurs for barnehagen samt ein føresetnad for ein god lærings-, lek- og omsorgsarena. Pedagogisk leiar har saman med styrar eit ansvar for barnehagens samfunnsmandat, at dette og måla for barnehagen vert klargjort for det øvrige personalet. Det er pedagogisk leiar som har ansvar for leiing av barnegruppa og det arbeid som føregår på avdelinga. Mange av de tilsette er assistentar, som er ei viktig arbeidsgruppe då dei står for mykje av oppfølging og kontakt med borna. I 2008 var omlag 26% av assistentane utdanna førskulelærar, barne- og ungdomsarbeidar eller hadde annan pedagogisk utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2009).

2.2 Friluftsliv i barnehagen

Ingunn Fjørtoft og Tone Reiten (2003) har på oppdrag frå Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) utarbeida ein rapport som tar for seg temaet barn og unges relasjon til natur og friluftsliv. Bakgrunn for dette ønsket til FRIFO var å skaffe til vegs ein oversikt over kva for kunnskap som finnest kring dette temaet og rapporten skulle byggje på allereie eksisterande forskning. Målet med oppdraget ville også vera å kunne visa til ei oversikt på kva for tiltak som tidlegare var gjennomført i forhold til barn og ungdom sitt forhold til natur og friluft (Fjørtoft & Reiten, 2003, ss. 1,2,3).

2.2.1 Friluftsliv - reduserar støy og konflikt?

Fjørtoft og Reiten (2003) peikar gjennom rapporten på mange ulike godar som har kome fram gjennom tidlegare forskning. Mi problemstilling tar opp støy og konflikhtar barn imellom, og om dette skriv Fjørtoft og Reiten (2003) at det oppstår færre konflikhtar mellom barn som leikar ute i naturen enn barn som leikar inne, og at støy er ein meir naturleg del av uteleiken. Dette vert ikkje følgt opp med noko dokumentasjon, men forklaringa kan vera så enkel at ute er det nok leikehøve for alle, samt at det er meir tillete for borna å bruke høge stemmer (Fjørtoft & Reiten, 2003, s. 26).

Bruk av naturen som leikeplass i barnehagen har også andre fordelar knytt til seg. Allsidig leik i naturen gjev eit positivt bidrag til bornas motoriske utvikling, med vekt på statisk balanse og koordinasjon. I naturen er terrenget naturleg variert og gjev dermed varierte rørsler, som er med på å stimulere desse delane knytt til motorikk (Fjørtoft & Reiten, 2003, ss. 28,29).

Fjørtoft og Reiten (2003) viser til ulike prosjekt utført i både barnehage og skule. I ein naturbarnehage i Hundvåg vart det i 1995 starta eit prosjekt som i korte trekk gjekk ut på å drive barnehage ute heile året. Målet for dette prosjektet var å bruke naturen aktivt som bidrag til bornas motoriske, sosiale, intellektuelle og emosjonelle utvikling. Prosjektperioden vart evaluert av personalet, og det kom til uttrykk at borna hadde tilegna seg gode og positive haldningar til naturen og det å vera ute, samt ein meir akseptierende og inkluderande haldning til kvarandre. I eit liknande prosjekt gjennomført i Grimstad meinte personalet å kunne spore både motorisk, sosial, språkleg og intellektuell utvikling hos borna. I tillegg vart dei omtala som meir harmoniske og rolige, og det var færre konflikhtar mellom borna (Fjørtoft & Reiten, 2003, ss. 58,59). Også i Nordland vart det tilbake i 1991 vart det gjennomført eit prosjekt med

målsetting om tilrettelegging for ei auke i natur- og friluftaktivitetar. Dette skulle også skape gode haldningar, ei positiv personlegdomsutvikling og ein sunn livsstil, med barnehagen som målgruppe. Ei spørjeundersøking i etterkant av prosjektet viser at barnehagepersonal meiner å sjå at borna fungerer betre sosialt, samarbeidar betre og kranglar mindre (Fjørtoft & Reiten, 2003, s. 61).

I Stortingsmelding nr 39, som omhandlar nettopp friluftsliv, visast det til at undersøkingar gjort i barnehagar med naturinnslag gjev resultat som betre motorikk og psykososial tilpassing blant borna. Det vert mindre aggresjon og borna vert meir uthaldande (Klima- og miljødepartementet, 2001).

Også Vedum, Dullerud og Ødegaard (2005) peikar på ulike godar naturen kan bidra til. Dei skriv at i naturen kan ein sjå at borna vert flinkare til å hjelpa kvarandre for å løyse oppgåver, dei er mindre bunden av den gruppa dei leikar i, samt det er mindre konflikhtar mellom borna (Vedum, Ødegaard, & Dullerud, 2005, s. 22). Dei meiner også at barn som er ute slappar meir av, leikar rolegare og har ei mindre aggressiv åtferd enn barn i vanlege barnehagar (Vedum, Ødegaard, & Dullerud, 2005, s. 44).

2.3 Natur- og friluftsbarnhagen

Kva er ein natur- og friluftsbarnhage? I ein artikkel i nettmagasinet Familia frå 2004 på regjeringa si internettside får høgskulelektor Trond Løge Hagen frå Dronning Mauds Minne Høgskule (DMMH) i Trondheim spørsmål om kva som kjenneteiknar ein natur- og friluftsbarnhage. Hagen fortel at han saknar involvering frå departementet kva retningslinjer angår, mens han samtidig påpeikar at det fagleg sett ikkje er eit problem at desse ikkje eksisterar, då det er stor variasjon i utforming.

Hagen viser til ei kartlegging av 43 natur- og friluftsbarnhagar gjennomført av DMMH i 2003, som på generelt grunnlag kan seie at desse barnhagane som oftast er private, nystarta og med små einingar. Det arbeidar fleire menn i desse enn andre typar barnhagar i landet, det er fokus på natur, uteliv, motorisk utvikling og sosial kompetanse (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2004).

Også Hagen og Sandseter (2004) tar opp dette tema. Blant barnhagar som definerar seg som natur- og friluftsbarnhagar er det stor variasjon i korleis den vert driven. Det kan alt frå berre å ha naturen som satsingsområde, turgrupper nokre gongar i veka, til å vera ute heile veka.

Nokre barnehagar har rotasjon på avdelingane, der dei byter på å vera ute- og inneavdelingar. Felles for alle desse er eit stort fokus på naturopplevingar og at borna skal vera mest mogleg ute (Hagen & Sandseter, 2004, s. 97).

"Hva er det spesielle ved naturbarnehagen" spør Vedum, Dullerud og Ødegaard i boka "Natur- og gårdsbarnehagen (2005). Dei gir til svar til leik, oppleving og læring har naturbarnehagen naturen som arena. Målet til desse barnehagane er at borna skal verta kjend med naturen og skapa eit ønskje om å ta vare på den. For å få til dette lyt barnehagen bidra til at borna blant anna får vera i og læra om naturen, gi borna naturopplevingar med utfordringar i trygge omgivningar, lære borna om bekledning, bruk av reiskapar og hausting. Borna bør også læra å visa omsorg for kvarandre og ta omsyn til naturen (Vedum, Ødegaard, & Dullerud, 2005, s. 22). Vidare skriv dei også om tre ulike begrep som nyttast om barnehagar som vektlegg aktivitet ute; Friluftsbarnhage, naturbarnehage og gårdsbarnehage. Korleis desse vert drivne kan variere ut i frå lokasjon og kva personalet har for interesser. Felles for desse barnehagane er det sterke ønskje om å gje borna ein god oppvekst med mykje uteliv (Vedum, Ødegaard, & Dullerud, 2005, s. 43).

2.3.1 Menn i barnehagen

Kunnskapsdepartementet har gitt ut eit temahefte om akkurat dette; Menn i barnehagen. Det tar for seg korleis ein skal både rekruttere til og behalde menn i barnehagen. Gjennom dette heftet kjem det fram at mange menn vel å anten arbeide i friluftsbarnhagar, eller å starte sin eigen. Om kvifor det er slik har mange menn svart at dei i naturen kan arbeide meir på sine egne premissar. Dei kjenner også på at det kan verta for "trongt" inne i barnehagane, og dette gjer sitt til at dei ikkje føler at dei får utført arbeidet med borna slik dei ønskjer. Det vert også nemnd at ein friluftsbarnhage kan gje dei det maskuline alibiet dei treng for å arbeide i eit elles så feminisert yrke (Kunnskapsdepartementet, 2006).

3.0 Metode

I denne oppgåva er målet å få reie på tilsette i ulike barnehagar si oppleving av kvardagen, og eg vel difor å nytte meg av kvantitativ metode. Eg tenkjer at deira oppleving er ikkje mi til å tolke, dette er noko dei sjølv skal gjennom enkle svaralternativ få svare på. Vidare vel eg altså spørjeskjema, dette også fordi det enkelt kan sendast ut til fleire barnehagar og slik få svar ifrå mange ulike vaksne.

All informasjon som er henta frå spørjeskjema er behandla i dataprogrammet SPSS. Her er svar frå dei ulike spørsmåla målt opp mot kvarandre, og ut i frå dette vil eg laga grafar som syner tydeleg kva resultata seier.

3.1 Kvantitativ metode

I bruk av kvantitativ metode i forskning er nøyaktigheit eit sentralt stikkord. Både framgangsmåte og metode er fastlagt på førehand, gjerne med fokus på svært avgrensa forhold. Målet med kvantitativ forskning er ofte å kome fram til noko konkret, til dømes å bekrefte eller avkrefta ei hypotese. Ein må nytta valt metode likt heile vegen, for å sikre at alle data vert henta inn på same måte. Sjølve ordet kvantitativ har sitt opphav frå latin og tyder "det som angår mengden eller graden", og dersom forskingsdata er korrekt innsamla kan det vera mogleg å generalisere noko utifrå dette (Løkken & Søbstad, 2013). Begrepet generalisere er også Kristen Ringdal innom, når han refererar til Thagaard som heller føretrekk begrepet *overførbarhet* istadenfor generaliserbarheit. Då ser ein gjerne lettare tydinga av begrepet, altså om resultata frå ei undersøking også kan gjelde i andre situasjonar (Thagaard, 2008).

Målet mitt med å nytte ein kvantitativ undersøkingsmetode vil vera nettopp dette med å finne mengde. Eg er på søken etter ei mengde svar frå ulike hald, og med tanke på tidsavgrensing tenkjer eg at til denne oppgåva vil det vera hensiktsmessig med ein kvantitativ metode.

3.2 Spørjeskjema som metode

Innanføre kvantitative undersøkingar finnes det ulike metodar å ta i bruk. Eg har lenge tenkt at til bacheloroppgåva mi skal eg nytta meg av spørjeundersøking. Det verkar som ein spanande måte å samle inn data på, der ein også kan få mykje data på kort tid. Eg har svært lite erfaring med denne metoden, så det vert også spanande når eg skal til å gå igjennom all informasjonen som vert henta inn, og utifrå denne komme fram til eit eller fleire resultat.

Eit spørjeskjema har ein god del til felles med metoden intervju, men i spørjeskjema er det opp til respondenten å registrere svara. Metoden er svært nyttig dersom målet er å finne ut noko om dei tilsettes eller foreldras oppleving av noko som føregår i barnehagen (Løkken & Søbstad, 2013). Her kjem me inn på litt av mitt grunnlag for val av metode, det er nettopp dette med oppleving av noko som skjer i kvardagen eg er ute etter, og tenkjer difor at dette er rette metoden for meg å nytte i denne oppgåva.

Vidare stillast det ein del krav til bruk av spørjeskjema som metode. Spørsmåla lyt vera knytt til sjølve problemstillinga, samt klåre og frie for moglegheit til mistolking. Spørsmåla må ikkje stillast slik at dei kan verta oppfatta som styrande i noko retning, og dei må stillast eitt og eitt i gongen. I tillegg skal svaralternativa vera gjensidig ekskluderande (Løkken & Søbstad, 2013). I mitt tilfelle er det svært viktig at eg får moglegheit til å teste ut spørjeskjema før eg sender det ut til dei ulike respondentane. Eg trur at det kan vera vanskeleg for meg som lagar skjemaet å objektivt kunne vurdere og tolke det. Eg vil difor i tillegg til å få skjemaet godkjent av rettleiar, også gå nøye gjennom det saman med praksislærer og eventuelt andre vaksne i praksisbarnehagen.

Det kan lagast fleire variantar av eit spørjeskjema, og det er ofte korleis respondenten skal svare det er variasjon i. Anten kan skjemaet utførast slik at den som svarar sjølv formulerar svara, eller det som er meir vanleg; faste svaralternativ. Det er også vanleg å bruke ein kombinasjon av opne og faste svaralternativ (Løkken & Søbstad, 2013). Eg vil i mitt skjema berre ta i bruk faste svaralternativ. Som eg nemnde innleiingsvis i dette kapitlet er eg på jakt etter dei tilsettes oppleving av noko, og ikkje mi tolking av deira oppleving. Eg trur at dersom respondentane får eit skjema med faste svaralternativ vil resultatata kunna verta meir pålitelege, då dei ikkje vil verta fortolka av andre.

3.4 Vurdering av datamateriale

3.4.1 Utval

I forkant sendte eg ut førespurnad via e-post til 28 ulike barnehagar spreidd utover heile landet. Forutan sjølve spørjeskjemaet hadde eg også med kva eg jobba med, kva eg var ute etter og kva eg trong deira hjelp til. Det vart gjennom e-posten oppfordra til at 4-5 tilsette pr barnehage, gjerne med ulik utdanning, kunne gje sine svar. Etter at fristen for å svare gjekk ut, hadde eg fått skjema i retur frå 16 barnehagar. Det var varierende kor mange som hadde svara i kvar barnehage, men det er heller ikkje relevant for oppgåva. Til saman har 29 personar i frå ulike typar barnehagar svara på skjemaet mitt. Det er god geografisk spreiding på desse barnehagane, men det har eg heller ikkje med som relevant for sjølve resultatet.

Av desse 29 respondentane arbeidar 7 stk i natur-og friluftsbarnhage, 18 stk i ordinære barnehagar, og 4 stk i idrettsbarnehage. I skjemaet var ikkje idrettsbarnehage eit val, men då alle som hadde kryssa av for "anna" også hadde som merknad av det var ein idrettsbarnehage

valte eg å ta dette med som ein eigen kategori.

Ikkje overraskande var det fleire svar i frå kvinner enn i frå menn. Heile 26 kvinner deltok i undersøkinga, mot berre 3 menn. Også i kategorien utdanning var det ei som skilte seg ut; over halvparten, 15 stk, kryssa av for førskulelærarutdanning. Dei resterande var 5 stk med barne- og ungdomsarbeidarutdanning, 3 stk ufaglærte og 6 stk under anna.

3.4.2 Feilkjelder

Å bruke spørjeskjema som metode kan gjerne bidra til låge kostnadar samt vera ein effektiv metode. Dei som skal svare på utdelt skjema kan gjere dette når det høver dei best, i deira tempo i fred og ro. Dette kan bidra til at respondentane får betre tid til å gå gjennom dei ulike spørsmåla, som også kan sikre gjennomtenkte svar (Løkken & Søbstad, 2013). Slik sett trur eg det for mitt vedkomande vil vera ein nyttig metode. Eg trur ofte det kan vera enklare å gje "det rette" svaret dersom ein får litt tid på seg til å tenkje igjennom spørsmålet. Samtidig er det heilt klart at også denne metoden kan by på utfordringar. Som Løkken & Søbstad skriv vil det ved bruk av metoden alltid vera eit problem med bortfall, at ikkje alle gjennomfører og sender skjemaet i retur. Dette kan blant anna føre til eit anna resultat, då det kan tenkjast at dei som ikkje sende i retur hadde avvik på viktige punkt. Dette betyr igjen at eit studie med bruk av spørjeskjema der svarprosenten av låg, også har lågare verdi (Løkken & Søbstad, 2013). Som eit hinder mot at dette skal skje i mi oppgåva, vil eg sende ut skjemaet til fleire barnehagar enn det eigentleg er naudsynt, slik at eg har ein bortfallsmargin å gå på. Moglege feilkjelder vil det også vera ved bruk av denne metoden, som med så mange andre. Gjennom mi problemstilling skal eg forsøke å finne ulikskapar i oppleving av kvardagen hos tilsette i to ulike typar barnehage. Det som eg tenkjer kan kome til å svekke resultatata er kva desse tilsette er vant til? Er dei til dømes vant til ein del støy, men tenkjer ikkje på det som støy? Det kan også vera at det kjem svar frå mange i av same kjønn, i same type stilling og som også arbeidar i same type barnehage. Dette vil då påverke resultatata ved å ikkje syne mangfaldet.

3.4.3 Reliabilitet

Med reliabilitet meinast påliteligskap, og seier noko om kor nøyaktig testen er. Det er alltid nokre forhold som kan påverke forskinga, og reliabilitet handlar om dei ytre rammene som kan ha innverknad på til dømes svara som vert gitt. For å oppnå høg reliabilitet må ikkje ytre rammer som til dømes stress, konflikhtar, sjukdom og humør verka inn på svara til intervjuobjektet. Det skal vera mogleg for ein annan forskar å kome fram til dei same svara, ved bruk av dei same spørsmåla (Løkken & Søbstad, 2013). Dette er forhold som gjerne ikkje

eg rår over, spesielt ved bruk av spørjeskjema som metode. Eg tenkjer at å auke talet på svarobjekt kan vera med på å skapa ei auke også i reliabilitet.

I mi oppgåve, med bruk av spørjeskjema sendt ut via e-post, er det vanskeleg for meg å seie noko om korvidt alle ytre rammer er på plass. Eg er ikkje der og opplever kva for situasjon respondenten er i ved svaravgjeving. Eg vil heller ikkje kunne ha full styring på kor mange som gjev svar på undersøkinga då den sjølvst er frivillig, men eg tenkjer at om nokon andre hadde teke i bruk dei same spørsmåla ville svara vera dei same.

3.4.4 Validitet

Validitet måler verdien i forskinga, og dreier seg om dei indre rammene for intervjuet. Det vil seie at for å få høg validitet, må til dømes spørsmåla vera utforma slik at dei ikkje kan mistolkast, ein må få svar på det ein spør om (Løkken & Søbstad, 2013). Her kjem me inn på det som vert mitt arbeid i utføringa av spørjeskjema; her må det ikkje vera rom for tolking. Det må ikkje vera tvil i kva som meinast med dei ulike spørsmåla, heller ikkje i korleis svara skal gjevast.

I spørjeskjemaet meint for denne undersøkinga var storparten av spørsmåla lukka. Dei var lukka i form av at svaret gjevast berre ved avkryssing. Det gjev validitet ved at det er svært lite rom for mistolking, både av spørsmåla for respondentane og av svara for meg som forskar. Ved gjennomgang av svara kan eg ikkje sjå at det har oppstått tvil ved nokre av spørsmåla.

4.0 Resultat


Her vil eg presentere kva for resultat som er kommen av spørjeundersøkinga mi. Resultata vil eg leggje fram ved hjelp av stolpediagram, for å både synleggjere og tydeleggjere dei. Desse vil eg også i tillegg kommentere og forklare slik at det ikkje vert tvil om kva som vert vist. Eg vil også under kvar graf kort peike på det viktigaste resultatet av akkurat den målinga.

Etter å ha fått fram dei gjennomsnittlege resultata er det tatt ein varianseanalyse av desse for å teste korvidt resultata kan seiast å vera statistisk signifikante.

4.1 Resultat knytt til støy og konflikhtar

Resultata som vert presentert under vil i all hovudsak vera knytt opp mot hovudproblemstillinga som går på dei tilsettes oppleving av kvardagen med tanke på støy og konflikhtar.

4.1.1 Støy




Figur 1: Syner korleis tilsette i dei ulike barnehagetypane opplever støy i kvardagen.

I spørjeskjemaet var det mogleg å krysse av for svært lite støy, lite støy, noko støy, mykje støy og svært mykje støy. Desse har fått verdiane 1-5, der 1 er svært lite støy og 5 er svært mykje støy. Denne målinga viser oss at oppfatninga av støy i kvardagen er ganske lik i dei ulike typar barnehagar, særskild blant tilsette i ordinære barnehagar og natur- og friluftsbarnhagar. Gjennomsnittet for ordinære barnehagar ligg på 2,83 medan det for natur- og friluftsbarnhagar ligg på 2,86.

Dette resultatet er ikkje statistisk signifikant.

4.1.2 Konflikhtar



Figur 2: Syner korleis tilsette i dei ulike barnehagetypane opplever konflikhtar i kvardagen.


I spørjeskjemaet var det mogleg å krysse av for svært få konflikhtar, få konflikhtar, noko konflikhtar, mange konflikhtar og svært mange konflikhtar. Desse har fått verdiane 1-5, der 1 er svært få konflikhtar og 5 er svært mange konflikhtar. Det er ikkje store skilnaden i korleis tilsette i dei ulike barnehagane opplever konflikhtar blant borna, me ser at gjennomsnittleg heldt alle seg rundt 2. Svara frå tilsette i ordinære barnehagar ligg på gjennomsnittleg 2,44 og frå natur-og friluftsbarnhagen er det 2,29.

Dette resultatet er ikkje statistisk signifikant.

4.2 Resultat knytt til antal timar ute per veke

Desse resultat vil vera meir knytt til mine underproblemstillingar som omhandlar antal timar som vert tilbrakt ute på ei veke. Det vil verta skilt mellom dei ulike typane barnehagar, kjønn og kva for utdanning respondentane har.


4.2.1 Ulike barnehagetypar



Figur 3: Syner gjennomsnittleg antal timar ute pr veke, fordelt på dei ulike typar barnehagar.

Her visar grafane antal timar dei ulike barnehagetypane tilbring ute i gjennomsnitt i løpet av ei veke. Denne målinga viser at det er stor skilnad i kor mykje tid dei ulike barnehagane tilbring ute i løpet av ei veke. Natur- og friluftsbarnhagane er på topp med 27,86 timar i gjennomsnitt, medan i botn finn me idrettsbarnehagar med gjennomsnittleg berre 13,75 timar. Dette resultatet er statistisk signifikant (**P<.01).

4.2.2 Menn og kvinner




Figur 4: Syner gjennomsnittleg antal timar ute pr veke, fordelt på kjønn.

Desse grafane viser korleis fordelinga er mellom kjønna i undersøkinga når det gjeld gjennomsnittleg antal timar ute pr veke. Også her viser resultatet oss at det er ein viss skilnad, og det er kvinner som har flest timar ute i gjennomsnitt med 21,58 timar mot 17,33 timar for menn.

Dette resultatet er ikkje statistisk signifikant.

4.2.3 Utdanning



Figur 5: Syner gjennomsnittleg antal timar ute pr veke, fordelt på dei ulike typar utdanning.

Her ser me kor mange timar tilsette med ulik utdanningsbakgrunn tilbring ute i løpet av ei veke. Det er berre tilsette i kategorien anna som skil seg særskild ut, med berre 14,83 timar i

gjennomsnitt. Dei resterande ligg på 22-24 timar gjennomsnittleg.

Dette resultatet er ikkje statistisk signifikant.

5.0 Drøfting av resultat

Målet mitt med denne oppgåva var å finna ut om det var skilnad i korleis tilsette i ordinære barnehagar opplever støy og konflikhtar blant barn i kvardagen, kontra tilsette i natur- og friluftsbarnhagar. Ved å sjå på resultatata frå mi undersøking vil ein sjå at det er svært liten skilnad i opplevingar knytt til denne problematikken. Samtidig er det ein skilnad der, og denne samt ulike årsaker til kvifor resultatata vart slik vil eg under drøfting forsøke å belyse. Eg har valt å ikkje ha særskilt fokus på resultatata frå idrettsbarnehagane, då dette ikkje er relevant for problemstillinga mi.

Resultata som vert drøfta vil verte knytt til både hovud- og underproblemstillingane mine.

5.1 Drøfting knytt til støy og konflikhtar

I resultatet frå opplevd støy (figur 1) er skilnaden minst, medan den knytt til konflikt (figur 2) er noko større, men likevel liten. Sjølv om skilnaden er liten så finnes det jo ein skilnad, men eg hadde nok førestilt meg at den skulle vera større, og i større grad i "favør" til natur- og friluftsbarnhagane. Eg hadde jo sett føre meg at desse barnhagane, som profilerar seg som institusjonar med stort fokus på uteliv også ville vera dei som nytte mest og best av godane som friluftslivet skal bidra til? Færre konflikhtar er jo til dømes ein gjengangar i det som er skrive omkring godar knytt til friluftsliv for barn.

Kan desse resultatata ha si bakgrunn i utvalet som er representert i spørjeundersøkinga? Dersom det hadde vore lik andel svar frå dei ulike typane barnehagar, hadde det då gitt eit anna resultat? Eg vil tru det då mengda kan dra ei måling både opp og ned. Resultata som vert drøfta her går direkte på min hovudproblemstilling: *Korleis opplever tilsette i ordinærbarnehagar problematikk knytt til støy og konflikhtar mellom barn, samanlikna med tilsette i friluftsbarnhagar?* I tillegg vil det her vera naturleg å ha med ein av underproblemstillingane mine; *Har antal timar ute per veke innverknad på opplevinga?*

5.1.1 Støy

Ved å sjå på figur 1 som syner resultatata frå denne målinga, ser ein at tilsette i natur- og friluftsbarnhagar samt ordinærbarnehagar opplever kvardagen ganske likt med tanke på støy. Det viser seg at gjennomsnittet har kryssa av for "noko støy". Kva seier eigentleg noko støy oss? Det som spørjeundersøkinga i alle høve ikkje seier noko om, er kva dei tilsette tenkjer

om denne støyen. Er det ein type støy som skal eller bør vera der? Er det den "gode" støyen som kjem av barn som leikar? I leik ute vil det som nemnt vera meir høveleg med til dømes høgare stemmebruk, og støy vil vera ein meir naturleg del av leiken (Fjørtoft & Reiten, 2003, s. 26). Kan støyen opplevast som uuthaldeleg for dei vaksne? Dette seier ikkje resultatane noko om, berre at det opplevast noko støy i begge typar barnehagar. Resultatet syner også at, sjølv om det som nemnd er svært likt, opplever tilsette i ordinærbarnehagar kvardagen hakket mindre støyfull enn tilsette i friluftsbarnhagar. Dette kan ha samband med at det er færre respondentar frå sistnemnde type barnehage, og at resultatane ville vore annleis om svarandelen var lik frå kvar type barnehage. Ei anna årsak til dette resultatet kan vera kva dei tilsette er vant med frå sin eigen kvardag, kan hende om dei vart sett i ein anna type barnehage og barnehagekvardag, ville dei verta merksame på andre nivå av støy? Sjølv om Vedum, Dullerud og Ødegaard (2005) meiner at barn som er ute leikar rolegare, kan ein tilsett i ein ordinær barnehage gjerne ikkje ha noko anna å samanlikne med.

Figur 3 syner oss at det i ordinære barnehagar vert tilbrakt i gjennomsnitt 20,17 timar ute i veka, medan det i natur- og friluftsbarnhagar er heile 27,86. Med tanke på at forskning viser at meir utetid kan vera med på å redusere blant anna støy, kan ikkje resultat frå mi forskning støtta opp under den påstanden. Eg tenkjer her at opplevinga av støy kan vera så individuell. Eg sjølv til dømes, opplever ikkje eit barns gledeshyl som støy, slik som eg gjerne gjer om eit barn klagar høglydt over ikkje å få vilja si. Eg vil strekkje det så langt at det finnes ulike typar støy, og korleis me opplever dei; positivt eller negativt, er svært individavhengig.

5.1.2 Konfliktar

I resultatane frå denne målinga ser ein at det er tilsette i natur- og friluftsbarnhagar som opplever færrest konfliktar blant barn i kvardagen. Ulikskapen er ikkje stor, men den er der likevel. Fjørtoft og Reiten (2003) peikar også spesifikt på at det oppstår nettopp færre konfliktar mellom barn som leikar ute kontra barn som leikar inne. Også Vedum, Dullerud og Ødegaard (2005) meiner å finne grunnlag for det same.

I stortingsmelding nr. 39 nemnast mindre aggresjon blant borna som eit resultat av naturinnslag i barnehagen (Klima- og miljødepartementet, 2001). Der det oppstår konfliktar er det også ofte innslag av aggresjon, og slik kan ein seie at dersom aggresjonsnivået går ned vil også nivået av konfliktar gå same vegen.

Også under konfliktar vil det vera nærliggande å tru at resultatet hadde vorte annleis dersom fleire tilsette frå natur- og friluftsbarnhagar deltok i undersøkinga. Om antalet frå begge typar

barnehagar hadde vore det same, kunne altså resultatet ha vorte eit anna. I tillegg vil det også her komme an på auga som ser. Resultatet som seier at det er ulikskap mellom dei ulike barnehagane, er eg ikkje overraska over. Dette til dels på grunn av det som kjem fram av resultat i figur 3, som gjeld antal timar ute per veke i dei ulike typar barnehagar. Eg tenkjer at der meir av tida vert tilbrakt utandørs, vil størrelsen på arealet også vera med å bidra til eit rolegare miljø. I motsetnad til støy som eg tenkjer kan verta oppfatta svært individuelt, trur eg at konflikthar er meir openbare. Ei konflikthar er ofte ei konflikthar, uavhengig av kven som observerar.

5.1.3 Oppsummering: Støy og konflikthar

Det som eg undersøker er kva for ei *oppleving* dei tilsette har av kvardagen, og kan hende er ikkje denne i det heile knytt til kva for type barnehage dei arbeidar i, om dei er ute eller inne og kor lenge dei oppheldt seg dei ulike plassane. Sjølv om resultatet kunne vore annleis med fleire respondentar, er det slett ikkje sikkert at det likevel ville slått ut slik eg har sett føre meg, med ei oppleving av færre konflikthar og mindre støy av tilsette i natur-og friluftsbarnhagane. Det som eg tenkjer kan vera ei av dei viktigaste feilkjeldene i forhold til støy er at undersøkinga ikkje får tak i kva den enkelte respondent ser på som støy, den måler berre graden av opplevd støy. Dette kan til dels også gjelde for konflikthar, sjølv om eg har nemnt at eg tenkjer at konflikthar vert oppfatta meir likt av oss alle.

Med bakgrunn i dei resultat gitt gjennom undersøkinga mi, vil eg sei at det som har vorte målt er det som eg hadde ønskje om å måle. Sjølv om resultatata ikkje gjev eit direkte og klårt svar på heile problemstillinga mi, er eg godt nøgd med eit statistisk signifikant resultat på den delen som omhandlar utetid per veke fordelt på dei ulike barnhagetypane.

5.2 Drøfting knytt til antal timar ute per veke

Eg har i resultatdelen valt å ha med korleis timetalet ute fordel seg på dei ulike barnhagetypane, blant menn og kvinner, samt blant dei ulike utdanningane dei tilsette hadde. I Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2011) finnes det retningslinjer for at borna skal få høve til fysisk aktivitet både ute og inne, men samtidig vert det peika på at naturen er ei god kjelde til opplevingar og erfaringar. I likskap med førre kapittel har eg heller ikkje her fokus på resultatata frå idrettsbarnhagane. Drøftinga som vert gjort her er frå resultat knytt til ein av dei to underproblemstillingane mine; *Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnhage?*

5.2.1 Ulike barnehagetypar

Resultat frå målinga kring kva type barnehage som er tilbring mest tid ute per veke syner at natur- og friluftsbarnhagar er i overkant av 7 timar meir ute enn ordinærbarnhagar (figur 3). Dette er etter mitt syn ein ganske stor skilnad, men kan hende ikkje overraskande? Det er jo blant anna eit ekstra fokus på natur og utetid som karakteriserer ein natur- og friluftsbarnhage, dette seier også Trond Løge Hagen til når han viser til undersøkinga gjort ved DMMH (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2004). Felles for ulike friluftsbarnhagar som natur- og gårdsbarnhagar er ønsket om å gje borna ei god oppvekst med fokus på naturopplevingar (Hagen & Sandseter, 2004) og ei god oppvekst med mykje uteliv (Vedum, Ødegaard, & Dullerud, 2005).

Dersom resultatet hadde vore annleis, eller gjerne omvendt når det gjeld desse to barnehagetypane, hadde eg stilt meg svært undrande til kor mykje dette ekstra fokuset på natur og friluft eigentleg har å seie for bornas kvardag i barnehagen.

Tidlegare i drøftinga har eg teke opp utvalet som ei mogleg årsak til at resultatet vart nettopp slik. I denne målinga er utvalet gjerne av meir interesse, då det også her er færre svar frå tilsette i natur- og friluftsbarnhagar, og likevel er skilnaden så stor. Eg tolkar difor dette resultatet til å vera påliteleg, då det også er det einaste resultatet som i følgje dataprogrammet SPSS er statistisk signifikant.

Dette resultatet vil eg ikkje knytte direkte opp mot hovudproblemstillinga mi, men det eg tykkjer det er både interessant og svært relevant for underproblemstillinga; *Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnehage?* Ved at resultatet som nemnd er statistisk signifikant kan ein difor seie at denne undersøkinga verkeleg seier noko om korleis det er i dei ulike barnehagane med tanke på utetid per veke.

5.2.2 Menn og kvinner

Denne målinga syner at dei kvinnelege tilsette i undersøkinga tilbring noko meir tid ute enn deira mannlege kollegar (figur 4). Kvinnene har eit gjennomsnitt på 21,58 timar og menn eit gjennomsnitt på 17,33 timar. Det som gjerne kan vera viktig å ta opp att her, er at det i utvalet av respondentar berre er med 3 menn mot 26 kvinner.

Dersom me tenkjer oss at talet på mannlege og kvinnelege respondentar hadde vore meir likt, trur eg me også ville sett at timetalet til den mannlege delen hadde vorte høgare. Dette vel eg å tru med utgangspunkt i temaheftet "Menn i barnehagen" der det står skrive at mange menn vel å arbeide i friluftsbarnhagar, samt gjerne kjenner på at det vert for trangt inne i

barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2006). Eg vil også peike på at ulikskapen mellom menn og kvinner er rimeleg låg til tross for at det er så mange fleire kvinner med i undersøkinga. Med 26 kvinner mot 3 menn, burde ikkje då ulikskapen vore endå større? I alle høve dersom det *ikkje* er slik at menn er meir ute enn kvinner. Eg vil sei at mi undersøking heller mot å sei at menn faktisk tilbring meir tid ute i løpet av ei veke enn deira kvinnelege kollegar.

5.2.3 Utdanning

Figur 5 syner oss at det også er ein viss skilnad i antal timar ute blant tilsette med ulik utdanning. Den utdanninga med gjennomsnittleg flest timar ute per veke er ufaglærte tilsette med 24 timar, vidare kjem barne- og ungdomsarbeidarar med 23,4 timar, førskulelærarar med 22,33 timar og til sist dei som har svara under posten "anna" med 14,83 timar.

Så, korleis kan me tolke dette? Med utdanning som førskulelærer er gjerne ofte stillinga di pedagogisk leiar. Ifølge Stortingsmelding nr 41 er det pedagogisk leiar som har ansvar for det arbeid som føregår på avdelinga, då blant anna med tanke på barnegruppa og barnehagens mål og samfunnsmandat. Det øvrige personalet består ofte av mange assistentar, som står for mykje av oppfølging og kontakt med borna (Kunnskapsdepartementet, 2009). Eg tenkjer at dette kan vera med på å forklare kvifor det ikkje er tilsette med førskulelæruddanning som har gjennomsnittleg flest timar ute. Som ein tilsett med mykje ansvar for det som føregår utanom sjølv kontakt med borna, vil nok ein del av tida falle bort på møter, planlegging og liknande. Ufaglærte og barne- og ungdomsarbeidarar vil gjerne inneha stillingar som assistentar, og vil difor ha betre tid saman med borna der dei er, om det er ute eller inne.

5.2.3 Oppsummering: Antal timar ute per veke

I dei resultata som seier noko om gjennomsnittleg antal timar ute per veke, ser det for meg ut til at utvalet av respondentar spelar ei rolle. Dette gjerne med unntak av resultatet knytt til dei ulike barnehagetypane, då denne viste seg å vera statistisk signifikant. I dei to øvrige vil eg tru at resultata hadde vore annleis dersom også utvalet hadde vore annleis. Samtidig så gjev det jo til ein viss grad svar på underproblemstillinga mi; *Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnehage?* For ja, det er skilnad i dette. Men denne skilnaden kan diverre ikkje nyttast til å seie noko om korleis det verkeleg er.

7.0 Konklusjon

Gjennom denne oppgåva var målet å finne ut av følgjande problemstilling: *Korleis opplever tilsette i ordinærbarnehagar problematikk knytt til støy og konflikhtar mellom barn, samanlikna med tilsette i friluftsbarnehagar?* Undersøkinga har ikkje gitt noko tydeleg svar på dette spørsmålet, men har gjerne gitt ein peikepinn på korleis det er. Dersom utvalet hadde vore både større og annleis, trur eg det også ville vorte mogleg å festa meir lit til resultata.

På underproblemstillingane; *Har antal timar ute per veke innverknad på opplevinga? Er det skilnad i antal timar knytt til kjønn, utdanning og type barnehage?* har undersøkinga heller ikkje gitt noko eintydig resultat, men unntak av eit signifikant resultat; Det er skilnad i kor mange timar ordinære og natur- og friluftsbarnehagar tilbring ute, i favør til sistnemnde.

Etter å gjennomført denne oppgåva tenkjer eg at det hadde vore interessant å gjere om att nokre av målingane, men då med eit større og meir differensiert utval av respondentar.

Bibliografi

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2004). *www.regjeringen.no*. Henta 4 2014 frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/kampanjer/familia/familia-32004/diverse-saker/natur--og-friluftsbarnhagene-ma-fa-retn.html?id=537176>

Fjørtoft, I., & Reitan, T. (2003). *Barn og undes relasjoner til natur og friluftsliv*. Porsgrunn: Høgskolen i Telemark.

Gottvassli, K.-Å. (2012). *Barnehager, organisasjon og ledelse* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Hagen, T. L., & Sandseter, E. B. (2004). *Ute hele dagen!* I O. B. Lysklett (Red.). Trondheim.

Klima- og miljødepartementet. (2001, 4 27). *www.regjeringen.no*. Henta 4 2014 frå St.meld nr 39: Friuftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet: <http://www.regjeringen.no/nn/dep/kld/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/20002001/stmeld-nr-39-2000-2001-/4/2.html?id=324936>

Kunnskapsdepartementet. (u.d.). Henta 11 5, 2013 frå <http://www.regjeringen.no/mobil/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-/9/6.html?id=563939>

Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Departementet.

Kunnskapsdepartementet. (2006). *Temahefte om menn i barnehagen, om å rekruttere og beholde menn i barnehagen*. Oslo: Departementet.

Kunnskapsdepartementet. (2006). *Temahefte om natur og miljø*. (O. B. Lysklett, Red.) Oslo: Departementet.

Kunnskapsdepartementet. (2009, 5 29). *www.regjeringen.no*. Henta 4 2014 frå St.meld nr 41: Kvalitet i barnehagen: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-.html?id=563868>

Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Thagaard, T. (2008). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Vedum, T. V., Ødegaard, T., & Dullerud, O. (2005). *Natur- og gårdsbarnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Spørjeskjema

OM BARNEHAGEN

Type barnehage:

Natur/friluft

Ordinær

Anna*

Merknad*

Kor mange **timar** er borna i gjennomsnitt ute:

Timar pr dag

Timar pr veke

OM DEG

Kjønn:

Mann

Kvinne

Alder (skriv inn antal år):

Utdanning:

Førskulelærer

Barne-og ungdomsarb.

Student

Spesialpedagog

Ufaglært

Anna*

Merknad*

Din stillingsprosent:

10 %
20 %
30 %
40 %
50 %
60 %
70 %
80 %
90 %
100 %

Har du vidareutd. og/eller fordjupning innan friluftsliv/utefag?

Ja
Nei
Anna*

Merknad*

--

DI OPPLEVING

Korleis opplever du kvardagen mtp støy?

Svært mykje støy
Mykje støy
Noko støy
Lite støy
Svært lite støy

Korleis opplever du kvardagen mtp konflikhtar mellom barn?

Svært mange konflikhtar
Mange konflikhtar
Noko konflikhtar
Få konflikhtar
Svært få konflikhtar

